

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Formannskapet

**Møtedato:** 09.06.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 21/3320-3

**Saksnr.:** 51/21

### Saksprotokoll - Planstrategi for Sogndal kommune 2021-2024

#### Handsaming:

**Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:  
Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1. med desse endringane:

Områdeplan for Hermansverk vert flytta med oppstart

1. halvår 2022.
2. Områdeplan for Kaupanger vert flytta fram med oppstart 2. halvdel 2022
3. Detaljplan for Henjabakkane bustadområde vert teke inn att i planstrategien. Planlagt oppstart 1. halvdel av 2023.
4. Detaljplan for Kvåle skule og fleirbruk- og basishall vert teke inn i planstrategien. Planlagt oppstart 2. halvdel 2022.

#### Habilitet:

#### Endringsframlegg:

Frå Arbeidarpartiets representant Henny-Kristin A. Navarsete:

1. Framlegg til tematisk plan, teke inn i planprogrammet med oppstart og ferdigstilling i 2022: Det skal utarbeidast ein heilskapleg handlingsplan mot sosial ulikskap.

#### Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet vert vedteken samrøystes.

Tilrådinga frå Plan- og forvaltningsutvalet vert vedteken samrøystes.

#### Dette gir følgjande vedtak:

**Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:**

**Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1 med desse endringane:

1. Områdeplan for Hermansverk vert flytta med oppstart halvår 2022.
2. Områdeplan for Kaupanger vert flytta fram med oppstart 2. halvdel 2022
3. Detaljplan for Henjabakkane bustadområde vert teke inn att i planstrategien. Planlagd oppstart 1. halvdel av 2023.
4. Detaljplan for Kvåle skule og fleirbruk- og basishall vert teke inn i planstrategien. Planlagd oppstart 2. halvdel 2022
5. Det skal utarbeidast ein heilskapleg handlingsplan mot sosial ulikskap med oppstart i og ferdigstilling i 2022